



LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Brit Kari Eidseflot Hauger, 71 25 84 69

## Innspel berekraftige matsystem

Viser til Landbruks- og matdepartementet sin invitasjon til å gje innspel til regjeringa sitt arbeid med eit meir berekraftig matsystem. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har fylgjande innspel, basert mellom anna på «Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023 – 2026». Det overordna målet i strategien er «Eit verdiskapande og mangfaldig landbruk i heile Møre og Romsdal, basert på berekraftig bruk av lokale ressursar».

### Klima- og miljøvenleg matproduksjon

- Stimulere til betre agronomi, til dømes betre utnytting av husdyrgjødsel og meir drenering av jordbruksareal.
- Ta i bruk ledig og eigna areal for å auke produksjon av korn, frukt, bær, grønt og potet. I tillegg bør vi kartlegge eigna lokalitetar for desse produksjonane.
- Styrke fagleg rådgjeving for produksjon av korn, frukt, bær, grønt og potet.
- Forsking og utvikling på sortar av korn, frukt, bær, grønt og potet tilpassa klimaet i ulike delar av Norge.
- Arbeide for meir privat, småskala matproduksjon og auke kunnskapen om eigenproduksjon av mat. Dette også som ledd i auka matberedskap.
- Auke produksjon og forbruk av økologisk mat
- Arealforvaltning som vernar dyrka og dyrkbar jord mot nedbygging, og som sikrar at dyrkajorda vert vedlikehalden gjennom aktiv bruk. Vurdere fortetting av allereie nedbygd areal, før omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord.
- Styrke kommunal landbruksforvaltning sitt arbeid med langsiktige avtalar for leigejord og handheving av driveplikta

### Berekraftig fôr

- Kartlegge potensielt areal for dyrking av meir fôrkorn og andre fôrråvarer som kan inngå i eller erstatte kraftfôr
- Styrka fagleg rådgjeving for betre agronomi, kvalitet og auka produksjon av både korn og gras.
- Utnytte beiteressursane.
- Forsking og utvikling på planter tilpassa klimaet i ulike delar av Norge.



- Forsking og utvikling på fôrråvarer i blågrønt samarbeid.

### **Konkurranseskraftig verdiskaping i verdikjeda for mat i heile landet**

- Rammevilkår som gjev potensiale for lønsam gardsdrift, gjennom berekraftig utnytting av ressursane på det enkelte gardsbruk.
- Styrke importvernet for lønsemd i nasjonal matproduksjon.
- Oppretthalde mottaksplikta for samvirke, noko som legg til rette for landbruk over heile landet.
- Tilstrekkeleg støtte til nødvendige investeringar som følgje av nye krav i både mjølk- og kjøtproduksjonen.
- Stimulere til utvikling av lokalt mottaksapparat og nye salskanalar for frukt, bær, grønt, potet og andre lokalproduserte landbruksvarer. I dag er det vanskeleg for små og mellomstore produsentar å kome inn på marknaden.
- Kunnskapsheving om sal, marknad og offentleg anskaffingar hos seljar og kjøpar. Framheve handlingsromet for lokalproduserte landbruksvarer i anskaffingsforskrifta, der klima- og miljøomsyn som hovudregel skal vektast med minimum 30 prosent i offentlege anskaffingar.

### **Sunt og berekraftig kosthold**

- Utnytte ressursgrunnlaget for matproduksjon, også i eit beredskapsperspektiv. Møre og Romsdal har best naturgitte forhold for grasproduksjon og beite. Om lag 96 prosent av jordbruksarealet vert nytta til grovfôrproduksjon, noko som inneber at mjølk- og kjøtproduksjon frå drøvtyggarar utnyttar vårt ressursgrunnlag best.
- Redusere matsvinn i alle verksemder, skular og hushald
- Auke forbruket av lokalt produsert mat, mellom anna ved å ta i bruk og stimulere til nye salskanalar. Det er behov for ei samordning av produsentar, og at det vert lagt til rette for at større innkjøparar, t.d. ein institusjon, kan kjøpe råvarer direkte frå produsent.

### **Norge sitt bidrag til eit berekraftig matsystem globalt**

- Utnytte vårt ressursgrunnlag for auka sjølvforsyning av mat, slik at vi vert mindre avhengige av import.

Med helsing

Brit Kari Eidseflot Hauger (e.f.)  
ass. direktør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*